

## Sykkylven sokneråd

### Referat møte i Sykkylven sokneråd 03.11.2020

Stad : Sykkylven kyrkje  
Tid : 19.00  
Mat : Monica  
Opning : Therese

Desse deltok på møtet: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Monica Breivik Orre, Therese Utgård og Bjørg Djupvik Grebstad.  
Varamedl.: Morten Hjellegjerde, Tor P. Mørkeseth.

I tillegg møtte: sokneprest Simen N. Myklebust  
Linn Tårnes meldte forfall.

Opning ved Therese. Las eit dikt av Kolbein Falkeid og gode sitat frå Bibelen.

**Orienteringssak : Therese deler frå Kyrkjemøtet – kyrkja sitt storting**  
Therese er også valgt inn i kyrkjerådet.

Torbjørn Støylen orienterte om møte med kommunerådsmøta med politiske parti.

**Sak 21/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

*Vedtak : Innkalling og sakliste vart godkjent.*

**Sak 22/20 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 29.09.20**

*Vedtak : Referatet vart godkjent*

**Sak 23/20 Diakonale arbeidet**

Diakon Kristin er tilbake etter permisjon og utfordrar:

Oppnevning til Diakoniutval: Ein frå Sykkylven sokneråd: Monica Breivik Orre og 1-2 utanfor rådet. Fleire navn vart foreslått kan spørjast av diakon.

Morten Hjellegjerde tek plassen til Monica i barne-, ungdoms- og familierådet.

Temakveldar: « Korleis være medmenneske når livet er vanskelig» Innspel?

«Kyrkja må ut til der folket er!»

**Sak 24/20 Misjonsavtale**

Forslag: fornying av dei to misjonsavtalane vi har

**1. Kirkens bymisjon      2. Thailand NMS**

Viser til orientering m/bilder forrige møte.


Besøk frå det prosjektet vi støttar i Thailand 13.11. her i kyrkja.

*Vedtak: Soknerådet ynskjer å fornye misjonsavtalen med NMS med innsamlingsmål kr. 25 000,- og*

*Misjonsavtale med Kirkens Bymisjon Møre innsamlingmål kr.10 000,-*

**Sak 25/20 Endring av Satsar og reglement ved leige av kyrkjene**

Sjå vedlagt saksframlegg frå økonomiutvalet



## Sykkylven sokneråd

Punkt 4: Møter og samlingar (til lag foreiningar)  
Sett inn stjernemerker \*\*\* på dette punktet med teksten:  
Arrangement som er i tråd med kyrkja sine visjoner skal ha fritak.  
Under romertal III vil soknerådet oppmode om at det blir høg terskel for redusert leigetakst.

### **Sak 26/20 Høyringar frå Kirkerådet**

Sjå og les vedlagt dokument med underbilag.  
*Vedtak: Soknerådet ber om at AU ser på høyringssvar der avsender av høyringa er eit utval oppnevnt av soknerådet og uttaler seg som det.*

### **Sak 27/20 Utsmykking og møblering av våpenhuset – delprosjekt 2**

*Vedtak: Tiltak 1. Lysarrangement i våpenhuset og Tiltak 2. Modifisering av misjonstavla vert godkjent slik det ligg føre i saksframlegget.*

### **Sak 19/20 Oppfølging**

#### **Godkjenning /oppfølging av : Korleis motivere til givarglede**

Korleis nå vidare – sette givarteneste på dagsorden:  
Forkynning på gudsteneste og samlingar  
Meir synleg i tekst og bilder på :  
Skjerm våpenhus, heimeside, facebook/instagram, Sykkylvsbladet

- Redigering heimesida :  
Dei fire punkta som stod nevnt der går ut og fire nye punkt kjem inn:  
Givarteneste til kyrkjelydsarbeidet på Ikornnes  
Givarteneste til kyrkjelydsarbeidet i Sykkylven.  
Givarteneste til misjonsavtalen med NMS  
Givarteneste til misjonsavtalen med Kirkens Bymisjon Møre

Innspel til startside: «Bli med å bygge vår kyrkjelyd og den verdsvide kyrkje»  
*Simen fullfører nettsida til kyrkja under Givarteneste*  
*Intensjon : Sikre støtte til arbeidet i våre kyrkjelydar og sjå vidare utover oss sjølve og eigne kyrkjelydar.*

### **Infomasjonssaker :**

*Takkebrev til familien Gjerde (sjå vedlegg)*

*Innspel til SR : Bekymring over ungdomsmiljøet i Sykkylven. Spørsmålsstilling:  
Kva kan kyrkja gjere i denne situasjonen. Vi fortset samtalen på neste møte.*

**Neste møte i Sykkylven sokneråd 01.desember 2020**